Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 11.11.2026
Vår ref.: 202613122-3 Oppgje ved kontakt
Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til nedlegging av dam Vågslivatn i Vinje kommune, Telemark fylke

NVE har fått ein søknad frå Statkraft Energi AS om løyve etter vassressurslova til å leggje ned dam Vågslivatn i Vinje kommune. Søknaden vert send på høyring med frist 04.01.2027.

Kva vert det søkt om?

NVE har fått ein søknad frå Statkraft Energi AS, datert 04.06.2026, om løyve etter vassressurslova til nedlegging av dam Vågslivatn. Tiltaket inneber fjerning av eksisterande dam og tilbakeføring av utløpsområdet lik naturleg tilstand. Dam Vågslivatn vart bygd i 1982 og består av ein slank betongterskel med største damhøgd på om lag tre meter. Dammen skulle opphavleg sikre slepp av minstevassføring i vassdraget, men etter at sleppunktet vart flytta har dammen mista denne funksjonen. Derfor inngår dam Vågslivatn ikkje lenger i oppfyllinga av gjeldande konsesjonsvilkår for vassdraget. Dammen oppfyller heller ikkje dei tekniske krava i damtryggingsforskrifta.

Vågslivatn ligg i Kjelavassdraget, som er ein del av det større Skiensvassdraget. Dam Vågslivatn ligg ved utlaupet av Kvennhushylen i søraustre del av Vågslivatn, nær eit hytteområde. Dammen hever vasstanden slik at Kvennhushylen og Vågslivatn framstår som eitt samanhengande vasspegel. Ei fjerning av dammen vil gjere at Vågslivatn, Kvennhushylen og delar av Kjela bekkefelt nedstraums dammen vert tilbakeførte til ein tilstand som liknar forholda før dammen vart bygd. Vasstanden i Vågslivatn er venta å verte varig senka med om lag éin meter.

Det er planlagt ein mellombels anleggsveg gjennom eit viktig friluftsområde og hytteområde, og det går ei bru over dammen i samband med ein tursti. Brua vil verte fjerna som følgje av tiltaket, og eventuell reetablering av kryssing må avklarast nærare. Delar av arbeidet vil skje i vatn, og det vil verte gjennomført avbøtande tiltak for å avgrense partikkelspreiing og andre negative verknader. Ifølgje søknaden vil tiltaket samla sett vil ha avgrensa negative verknader på kort sikt, og positive effektar på lengre sikt som følgje av meir naturlege forhold i vassdraget. Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE sine nettsider: www.nve.no/10034/V.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 og 7 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8, jf. § 41. NVE vil presisere at konsesjonshandsaming av ein søknad om nedlegging er noko annleis enn tilsvarande handsaming av nye tiltak. Hovudregelen i

vassressurslova, jf. § 41 er at anlegg som eigar ikkje lenger vil halde ved like skal fjernast og området skal tilbakeførast til naturtilstand så godt det lèt seg gjere. Med bakgrunn i dette vil det normalt vert gjeve løyve til nedlegging av vassdragsanlegg. Unntak kan vere dammar som er freda etter kulturminnelova, eller der vassdragsanlegget inngår i til dømes eit naturreservat.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

Gjennom høyringa ønskjer NVE å få innspel om verknadene av nedlegginga for allmenne interesser. Vi ønskjer òg grunngjevne forslag til mildnande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

Det einaste reelle alternativet til nedlegging er normalt sett at ein ny eigar tek over anlegget, jf. vassressurslova § 42. Om nokon ønskjer å ta over vassdragsanlegget, ber vi om at de kontaktar NVE innan høyringsfristen. Ein eventuell ny eigar vil verte ansvarleg for at dammen oppfyller krava i damtryggingsforskrifta. Ny eigar må godkjennast av NVE.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/10034/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn og saksnummer 202613122» i emnefeltet, og oppgjev namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn og saksnummer 202613122» i emnefeltet, og oppgjev namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **04.01.2027**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil verte refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Vinje kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

NVE
Norges vassdrags- og energidirektorat

Med helsing

Hanne Torsdatter Petlund

førstekonsulent

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Vinje Vest Villreinlag
STATENS VEGVESEN
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
VINJE KOMMUNE
Villreinnemnda for Setesdalsområdet
Forum for Natur og Friluftsliv Telemark
NJFF – Telemark
Naturvernforbundet i Telemark
Naturvernforbundet i Telemark - Torfinn Sanden
Setesdal-Ryfylke Villreinområde
Vinje Turlag
Norsk Friluftsliv
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
DNT Telemark
TELEMARK FYLKESKOMMUNE
MARIA AARBØ

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS
STATKRAFT ENERGI AS - BJØRN BERGHEIM
STATKRAFT ENERGI AS - Torbjørn Lyngestad
STATKRAFT ENERGI AS - Jonathan Skree Moe